

**Notat**Dato: 20.02.2018  
Arkivsak: 2014/16667-35  
Saksbehandlar: torslin

---

**Til:** Matti Torgersen

---

**Frå:** Tore Slinning

---

**Høyring av KVU Rv. 7 - Hardangervidda - Kulturminnefagleg innspel**

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I samband med oppstart av arbeidet med konseptvalgutgreiing for Rv. 7 over Hardangervidda, deltok Fylkeskonservatoren på Statens vegvesen sin innleiande verkstad for vurdering av ikkje-prissette konsekvensar 28.04.2015.

Med bakgrunn i den informasjonen som framkom 28.04.2018 og som no ligg til grunn for høyringsframlegget, vil konseptet med lang tunnel (K3) frå Haugastøl til Sysendammen ha minst potensiale for å kome i konflikt med kulturminneinteresser i området. Når det gjeld konseptet med utbetring av eksisterande trasé (K1) og konseptet med korte tunnelar med vektlegging av Dyranuttunnelen (K2), så let det til at desse konseptane i liten grad vil kunne råke kjente kulturminnelokalitetar i nærleiken. Ut frå intensjonane i prosjektet med å vidareutvikle Rv. 7 som nasjonal turistveg med god vinterregularitet, er vi innforstått med at alternativa K1 og K2 er mest realistisk.

Når detaljerte trasékart ligg føre, vil ein i den vidare planprosessen kunne gjennomføre meir konkrete avklaringar av tilhøve til nærliggjande kulturminne. Dette gjeld også for vurdering av potensiale for hittil uregistrerte kulturminne i tiltaksområda (jf. undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova). I tillegg til tiltaksområder knytt til sjølve traséane, vil areal knytt til handtering av tunnelmasse også bli gjenstand for vurdering av eventuelle kulturminneinteresser.

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium av planprosessen.